



Årsrapport 2012


25
2012

Post- og teletilsynet
1987-2012

Innhald

Innleiing	3
Oppsummering av utfordringar og risikoar knytte til mål og aktivitetar i tildelingsbrevet for 2012 .	5
Mål 1.....	6
Breibandsmarknadene.....	6
Marknadene for overføringskapasitet	7
Marknadene for terminering i mobilnett	7
Marknaden for tilgang og originering i mobilnett	8
Tilsyn med vilkåra i Postens konsesjon	8
Mål 2.....	9
Auksjonar av ledige frekvensar i fleire band for mobilkommunikasjon (800/900/1800/2100 MHz).	9
Tildeling av frekvensar for radiolinje	10
Tildeling av frekvensar for digital lydkringkasting	11
Mål 3.....	12
Utarbeide forslag til norsk strategi for internettpolitikk knytt til styring av Internett og internasjonal ressursforvaltning på Internett.....	12
Vidareføre nasjonalt samarbeidsorgan for innføring av internettprotokoll versjon 6 (IPV6)	12
Gjennomføra tilsyn hos Norid med vekt på førebyggjande tryggleikstiltak knytt til registreringssystemet, namnetenesta og organisasjonen	13
Samarbeid med bransjen og Norsk Referansedatabase AS	14
Mål 4.....	14
Særskilt tilsyn som følgje av hendingane med bortfall av elektronisk kommunikasjon i 2011	14
Følgja opp tilbydarane av elektronisk kommunikasjonsnett og –tenester sitt vidare arbeid etter hendingane med bortfall av elektronisk kommunikasjon i 2011, m.a. om beredskapen er forbetra	15
.....	15
Gjennomføra høyring og fastsetja klassifiseringsforskrifta og følgja ho opp	15
Følgja opp funn i den pålagde sårbarheitsanalysen av mobilnett som tilsynet gjennomfører	16
Følgja opp relevante funn i sårbarheits- og avhengnadsanalysen som tilsynet gjennomfører i samarbeid med Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap.....	16
Gjennomføra høyring av datalagringsforskrifta.....	16
Gjennomføra forprosjekt fase to for felles ekom-situasjonsforståing (FEKOMS) og evaluera dette	16
Fremja bransjenormer for internettryggleik i samarbeid med aktørane	17
Mål 5.....	17
Revidert ekomforskrift	17
Nummerforskrifta	17
Særlege tenester for funksjonshemma og andre sluttbrukarar med spesielle behov	18
Gjennomgang av regelverk	18

Mål 6.....	19
Besøkstal 2012 for PT sine nettstader	20
Telepriser.no	20
Nettvett.no.....	21
Nettfart.no	21
PT i ulike forum	22
Mål 7.....	24
Etablere rutinar for EFTA Board of Regulators	24
BEREC sitt arbeid med internasjonal gjesting	24
BEREC sitt arbeid med nettnøytralitet.....	25
Vidareføra samarbeidet med styresmaktene i Nederland og Brasil om finansiering og drift av sekretariatet for Governmental Advisory Committee (GAC) i ICANN (Internet Corporation for Assigned Names and Numbers)	25
Hjelpe departementet i å førebu og delta på UPU-kongressen	26
Ta hand om norske interesser under radiokonferansen (WRC-12).....	26
Vilkår og krav som går på tvers av måla.....	27
Informasjonstryggleik	27
Samfunnstryggleik og beredskap	27
Vilkår og krav som gjeld administrative tilhøve	29
Dei tilsette	29
Prioritering av auka rekruttering av personar med nedsett funksjonsevne i arbeidet med inkluderande arbeidsliv.....	29
Auka talet på lærlingar i staten.....	30
Vidarebruk av offentlege data	30
Økonomi.....	31



Framsida på årsrapporten syner seniorrådgjevar Svein Scheie som held ei utskrift av ein endra versjon av Maslows behovspyramide. Denne pyramiden laga Scheie som ein kommentar til kor avhengig både samfunnet og den einskilde er av ekomtenester.

PT har brukt pyramiden i ei rekke føredrag i 2012, og han er også referert fleire gonger i den offentlege debatten om tryggleik og beredskap.

Innleiing

I 2012 heldt ekombransjen i Noreg fram med å vekse, både i omsetjing og trafikk. Men det skjer ei tydeleg endring i samansetjinga av trafikk; frå samtalar og SMS, og over til vesentleg vekst i datatrafikken i mobilnetta.

Det er fleire mobilabonnement enn det er innbyggjarar i landet (> fem millionar), og trafikken over eit gjennomsnitts mobilabonnement auka også i 2012, slik han har gjort fleire år på rad. Dei aller fleste husstandane har tilbod om ei eller anna tilknyting av breiband, men framleis er det somme som ikkje har eit tilfredsstillande tilbod.

På postområdet heldt også utviklinga fram i same retninga som ved førre årsskiftet, nemleg at talet på brevpostsendingar gjekk ned. Posten Noreg gjev sjølv opp at dei ventar at nedgangen i perioden 2000 til 2020 vil vere på heile 70 %. Når det gjeld mengda pakkar som vert sende, både innanlands og frå utlandet til Noreg, er ho aukande.

Post- og teletilsynet (PT) skal leggje til rette for eit likeverdig tilbod av grunnleggjande post- og elektroniske kommunikasjonstjenester av høg kvalitet og til rimelege prisar, for folk og næringsliv over heile landet, og med eit tilfredsstillande breibandstilbod til alle.

For å jobbe mest mogleg effektivt med å nå desse måla, vart PT omorganisert med verknad frå 1. januar 2012. PT har no fire avdelingar: Frekvens, Marknad, Nett og Administrasjon. Informasjonsavdelinga vart lagd ned, og verksemda organisert meir direkte i dei einskilte avdelingane.

Hovudstrategien vart òg reformulert og forenkla, slik at det skal vere tydelegare kva tilsynet skal leggje vekt på i alt arbeid.

PTs strategi for 2012 til 2016 er formulert i tre enkle setningar:

- PT skal vere oppdatert på utviklinga og utfordringane i næringane
- PT skal vere ein offensiv tilretteleggjar for aktørane
- PT skal vere den beste kjelda i alle relevante problemstillingar

I 2012 feira PT 25-års jubileum. Høvet vart brukt til å setje søkjelyset både på den faglege utviklinga som har prega desse 25 åra, og til å sjå framover på kva ein kan vente av endringar i tenester osb.

Leiinga i PT har gjennom 2012, og særleg i andre halvåret, vigg tid og merksemld til røynsler som kom fram i rapporten frå 22. juli-kommisjonen. Samlingar med tema om korleis vår organisasjon skal gjere nytte av innspela frå kommisjonen har vore gjennomført. Leiinga har arbeidd konkret med korleis vi skal betre styringa og arbeidet i tilsynet, med særleg vekt på leiing, handlekraft og tryggleik.

Denne årsrapporten er skriven etter mal frå tildelingsbrevet for 2012, som Samferdselsdepartementet har utarbeidd.

Tildelingsbrevet gjev eit oversyn over kva PT skal prioritere i tilsynsarbeidet gjennom året. For 2012 er tildelingsbrevet delt inn i sju mål. Under kvart mål er det fleire delmål og aktivitetar som PT skal rapportere frå. Dei to tertialrapportane som er leverte etter fyrste og

andre tertial, gir saman med denne årsrapporten eit ganske dekkande, men ikkje eit totalt oversyn over alt PT har jobba med i 2012.

Lillesand, 8. mars 2013


Torstein Olsen
direktør

Oppsummering av utfordringar og risikoar knytte til mål og aktivitetar i tildelingsbrevet for 2012

I fyrste tertial leverte PT ein rapport som vurderte risikoen tilknytt alle mål fastsette i tildelingsbrevet. Prosesen med systematisk vurdering av risiko er forankra i leiinga. PT har god oversikt over kva for risiko som trugar måloppnåinga. Kommentarane nedanfor gjeld enkelte tiltak som anten heilt eller delvis ikkje er innfridde i 2012. Manglande oppfylling av desse tiltaka har likevel ikkje hatt vesentleg innverknad på måloppnåinga innanfor dei ulike måla.

Når det gjeld mål 2 vart auksjonen i 2100 MHz-bandet gjennomført hausten 2012. Røynslene frå auksjonen er at det trengst meir tid til gjennomføringa, samstundes som det ved framtidige auksjonar må vurderast strengare krav til deltakarar. Auksjonen av frekvensane i banda 800, 900 og 1800 MHz vart ikkje gjennomført på grunn av manglande klarsignal frå departementet.

Når det gjeld mål 4 rapporterte PT i andre tertial at prototypen til FEKOMS-systemet (fase 2) vil bli ferdigstilt i 2013. Systemet vil bli testa og evaluert under den regionale Øving Østlandet 2013, som skal gjennomførast på hausten.

Når det gjeld mål 7 har PT rapportert at det er risiko knytt til tiltaket som gjeld GAC-sekretariatet. Arbeidet med å få på plass ein ny sekretariatsmodell vart sluttført før sommaren 2012. Vidare framdrift er at det skal tilsettjast personell til GAC-sekretariatet i samband med ICANN/GAC-møtet i april 2013.

Mål 1

Post- og teletilsynet skal leggja til rette for å utvikla verksam og berekraftig konkurranse i ekomminknaden. Post- og teletilsynet skal vidare leggja til rette for eit velfungerande tilbod av post- og ekomtenester over heile landet.

For å nå dette målet skal Post- og teletilsynet i 2012:

- *Gjennomføra marknadsanalysar og eventuelt gjera vedtak om verkemiddelbruk i marknad 4 (grossistmarknaden for full og delt tilgang til faste aksessnett) og marknad 5 (grossistmarknaden for tilgang for levering av breibandstenester)*
- *Gjennomføra marknadsanalysar og eventuelt gjera vedtak om verkemiddelbruk i marknad 6 (grossistmarknaden for overføringskapasitet for aksess), tidlegare marknad 14 (grossistmarknaden for overføringskapasitet for transport) og tidlegare marknad 7 (sluttbrukarmarknaden for minimumstilbod av overføringskapasitet). For tidlegare marknad 7 og 14 skal det først vurderast om marknaden framleis oppfyller vilkåra for førehandsregulering (tre-kriterie-test)*
- *Gjennomføra marknadsanalysar og eventuelt gjera vedtak om verkemiddelbruk i marknad 7 (grossistmarknaden for terminering av tale i individuelle mobilnett)*
- *Vurdera om tidlegare marknad 15 (grossistmarknaden for tilgang til og originering i mobilnett) framleis oppfyller vilkåra for førehandsregulering (tre-kriterie-test), og eventuelt gjennomføra marknadsanalyse og gjera vedtak om verkemiddelbruk.*
- *Føra tilsyn med at vilkåra i Postens konsesjon vert overhaldne.*

Breibandsmarknadene

PT sende 28. september 2012 marknadsanalyse og varsel om vedtak i grossistmarknaden for full og delt tilgang til faste aksessnett (marknad 4) og grossistmarknaden for tilgang for levering av breibandstenester (marknad 5) på nasjonal høyring. Høyningsfristen var 2. november 2012.

I begge marknadene har PT funne at Telenor framleis har sterk marknadsstilling. PT varsler vidareføring av dei fleste forpliktingane for kopar i begge marknadene, medan pristaket for



Tormod Hermansen på jubileumsbesøk.

abonnement for kopar blir varsle reduert frå 95 til 85 kroner. PT varsler no også forpliktingar på Telenor sine fiberaksessar i begge marknadene, som tilgang (rimeleg oppmoding), ikkje-diskriminering, transparens, kostnadsorienterte prisar og kostnadsrekneskap. Vidare blir det varsle kostnadsorienterte prisar og kostnadsrekneskap også på kopar i marknad 5, som er nye forpliktingar, medan eit rekneskapsskilje i marknad 5 blir varsle oppheva. PT varsler at Telenor innan tre månader etter at vedtaket er sett i kraft, skal leggje fram

forslag til grossistprodukt for LLUB-liknande tilgang og Breibandsaksess i Telenors fiberaksessnett.

Det er kome åtte høyringssvar, frå Telenor, TDC, Broadnet, Konkurransetilsynet, NextGenTel, Telio, Altibox og KabelNorge. Telenor har blant anna kommentert at selskapet er usamd i endringane i prisreguleringa både for kopar og fiber og at selskapet bør påleggjast å tilby berre eitt fiberprodukt på grossistnivå. Tilgangskjøparane er til dels nøgd

med varsle om vedtak i dei to grossistmarknadene, men har ulike kommentarar til dei enkelte forpliktingane.

PT held no på å oppsummere høyringssvara og vurdere desse opp mot varsle. PT tek sikte på å fatte vedtak i desse marknadene i andre kvartal 2013.

Forventa effekt av dei varsle nye forpliktingane er potensial for auka konkurranse i desse marknadene, og dermed stadig betre produkt og større valfridom for sluttbrukarar.

Marknadene for overføringskapasitet

PT gjorde 20. april 2012 vedtak i marknadene for overføringskapasitet. Vedtaka vart ikkje klaga på. Utkast til vedtak i dei tre marknadene vart notifisert til ESA 14. mars 2012, og ESA hadde ingen kommentarar.

I grossistmarknaden for overføringskapasitet opp til og med 8 Mbit/s (marknad 6) har PT funne at Telenor framleis har sterk marknadsstilling. PT har i denne marknaden vidareført tidlegare forpliktingar for Telenor, med nokre mindre endringar. I grossistmarknaden for overføringskapasitet over 8 Mbit/s (tidlegare marknad 14) og i sluttbrukarmarknaden for minimumstilbod av overføringskapasitet (tidlegare marknad 7) har PT gjennomført tre-kriterie-testar og funne at ingen av desse marknadene lenger kvalifiserer for ex-ante regulering. PT gjorde difor vedtak om at dei tidlegare forpliktingane Telenor hadde i desse marknadene, skulle opphevast. I tidlegare marknad 14 skjedde dette med verknad frå 20. oktober 2012, medan i tidlegare marknad 7 vart Telenor sine forpliktingar oppheva med verknad frå vedtaksdato.

Forventa effekt av vedtaket i marknad 6 er at det framleis er mogleg for grossistkundar av Telenor å få regulert tilgang til overføringskapasitet med desse fartane til regulert pris. Sjølv om det er ein marknad i stagnasjon, er det rekna som naudsynt med regulering fordi Telenor har dominerande stilling, for dermed å stimulere til konkurranse i den tilhøyrande sluttbrukarmarknaden og i marknader som bruker overføringskapasitet med desse fartane som innsatsfaktor. Effekten av opphør av forpliktingar i tidlegare marknad 7 og 14 er rekna for å vere lite vesentlege idet tidlegare marknad 7 er ein fallande marknad med liten omsetning, medan det i tidlegare marknad 14 var konkurranse, som er forventa å halde fram for dei høge fartane.

Marknadene for terminering i mobilnett

PT behandla i 2012 oppmading frå Tele2 og Network Norway om vidareføring av asymmetrisk prisregulering, og spørsmålet om omgjering av glidebanene for selskapa sine termineringsprisar i mobilnett vart avslege i vedtak 26. juni 2012. Vedtaket vart klaga inn, og er seinare stadfestet av Samferdselsdepartementet.

Vidare byrja PT arbeidet med ny runde i marknadene for mobilterminering. Dette blir den femte runden PT analyser desse marknadene og PT tek sikte på nasjonal høyring av varsle om vedtak i starten av andre halvår 2013. Spørsmål om regulering basert på rein LRIC vil stå sentralt. Konsulentsselskapet Analysys Mason vart etter ein anbodskonkurranse hausten 2012 utvalt til å oppdatere LRIC-modellen og fyrste aktormøte om datainnsamling vart halde i starten av desember 2012.

Effekten av tiltaka som vart utførte i 2012 kan vere vanskeleg å kvantifisere, men føremålet er framleis at prisane nærmar seg kostnadene og dermed dannar grunnlag for rettare og lågare sluttbrukarprisar.

Marknaden for tilgang og originering i mobilnett

Hausten 2012 tok PT til på arbeidet med vurdering av eventuell vidare regulering av marknaden for tilgang til og samtaleoriginering i offentlege mobilkommunikasjonsnett (marknad 15). Ettersom marknaden ikkje er med i tilrådinga frå ESA over relevante marknader, inneber arbeidet gjennomføring av ny tre-kriterie-test, og etter dette eventuelt SMP-analyse og vurdering av pålegg av særskilte forpliktingar. PT tek sikte på at varsel om vedtak vil bli sendt på nasjonal høyring andre kvartal 2013.

Utover vurderinga av eventuell ny regulering av marknad 15, har PT hatt fokus på oppfølging av gjeldande plikter i marknad 15-vedtaket frå 2010. Oppfølginga har særleg vore knytt til Telenor si plikt til ikkje-diskriminering. Etter klage frå TDC gjorde PT vedtak 23. mars 2012 der Telenor vart pålagt å rette sine vilkår i tilgangsavtalen med TDC. Bakgrunnen var brot på Telenor si plikt til ikkje-diskriminering mellom eksterne kjøparar av tilgang. Vidare har Tilsynet fått utvikla ein marginkvismodell som vart send på høyring hjå dei aktørane det gjeld medio mai og har hausten 2012 følgt opp dette arbeidet i samarbeid med tilbydarane. Tilsynet har i 2012 også arbeidd aktivt med spørsmål knytte til Telenor si plikt til å imøtekome rimelege oppmodingar om samlokalisering av mobil infrastruktur. PT har også arbeidd for å gjere oppfølginga av kravet til ikkje-diskriminering meir transparent for aktuelle partar, medrekna oppfølginga av kravet til eit skilje i rekneskapen, som er pålagt Telenor.

Den førebels synlege effekten av marknadsarbeidet i 2012 er så langt ein reduksjon av tilgangsprisane som TDC har fått i sin tilgangsavtale med Telenor. Effektane av oppfølging av samlokaliseringsskrav, fastsetjing av verktøy for marginkvis og eventuell vidareføring / ny regulering vil først kunne bli synlege tidlegast i 2013, men eit mogleg resultat kan bli at det tredje landsdekkjande mobilnettet kan realiserast raskare.

Tilsyn med vilkåra i Postens konsesjon

PT har motteke Postens konsesjonsrapport for 2011 datert 30. mars 2012, i samsvar med Postens konsesjon pkt. 7.2. PT oversende vår vurdering av denne rapporten til SD i brev av

20. juni 2012. PT konkluderte med at Posten overheldt kravet til framsending over natta for året som heilskap, men ikkje for fjerde kvartal 2011. Dette skriv seg frå flyforseinkingar som følgje av dåreg vêr, men også kapasitetsproblem på postterminalane dei siste to vekene før jul.

Posten gjekk i 2011 over maksimalgrensa som er fastsett av PT med omsyn til talet på verksemder unntekne kravet til utlevering av sendingar seks dagar i veka. PT har i denne samanhengen behandla ein førespurnad frå Posten om at maksimalgrensa for talet på verksemder som er omfatta av unnataket frå kravet til utleveringsfrekvens blir auka frå 35 til 50. Bakgrunnen for



Jubileumsbesøk av konsernsjef Dag Mej dell, kommunikasjonsdirektør Elisabeth Gjølme og Torstein Olsen.

førespurnaden er ei omlegging av Posten sin praksis med utlevering av uadressert reklame til utleveringspunkt som blir delte av privatpersonar og foreiningar. Posten har informert om at endringa er av «teknisk art», og at effekten av denne ikkje svekkjer sørvisnivået slik at fleire postmottakarar har fått eit dårlegare utleveringstilbod.).

PT har i sitt brev til SD om konsesjonsrapporten også omtalt nokre andre forhold, som at det dei siste åra vore ein fallande trend i kor tilfredse kundane er, spesielt knytt til kundesørvis, og enkelte forhold som gjeld klageutviklinga.

Posten gjennomførte ei større pris- og produktendring for produkta Massebrev, Postrekklame adressert og Postabonnement (i hovudsak blad) med verknad frå 1. januar 2012. Endringa medførte ein vesentleg prisauke på produkta. For å dempe effekten av prisauken, innførte Posten overgangsordningar for dei kundane det gjeld. PT konkluderte i brev av 23. desember 2011 med at overgangsordningane var i strid med kravet til oversiktlege vilkår og Posten fekk ein frist til 1. februar 2012 til å rette opp forholdet. Posten offentleggjorde informasjon som tilfredsstilte kravet til oversiktlege vilkår innan fristen. Posten informerte tilsynet i brev av 10. september 2012 om at overgangsordningane ville bli vidareførte i 2013 og 2014. På denne bakgrunn har PT vurdert om ei slik vidareføring er i strid med transparens- og ikkje-diskrimineringskravet i konsesjonen. PT har hatt møte med Posten der det vart informert nærmare om dei forlenga overgangsordningane. Talet på kundar på overgangsordningane og dei økonomiske effektane av overgangsordningane for kundane vil bli reduserte fram mot opphøret av overgangsordningane i 2015. Posten har i samband med vidareføringa av overgangsordningane opplyst at det framleis er kjøpshistorikken for kunden frå 2011 som er grunnlag for utrekninga av overgangsrabatten. Dette forholdet er med andre ord uendra. Vidare har Posten informert om vidareføringa av overgangsordningane på heimesida bring.no.

Mål 2

Post- og teletilsynet skal fremja effektiv bruk av frekvensressursar

For å nå dette målet skal Post- og teletilsynet i 2012:

- Vedlikehalda norsk frekvensplan for å informera marknaden om noverande og planlagd bruk av frekvensressursane.
- Gjennomføra auksjon av frekvensar i bandet 790-862 MHz.
- Gjennomføra auksjon av frekvensar i banda 900/1800/2100 MHz.
- Gjennomføra tildeling av frekvensar for digital lydkringkasting:
 - ✓ Riksblokk II
 - ✓ Lokalradioblokka (Frekvensløyve for perioden fram til 31.12.2016)

Auksjonar av ledige frekvensar i fleire band for mobilkommunikasjon (800/900/1800/2100 MHz)

2100 MHz

Delar av 2100 MHz-bandet har lenge vore ledig, og modellen med ei firedeiling av bandet har gjort at ikkje alle frekvensane har vorte tekne i bruk. PT ynskte ei meir fleksibel forvalting slik at alle frekvensane kunne bli tildelte og såleis leggje til rette for meir effektiv bruk og betre mobilkommunikasjonstenester. Dette vart stadfesta av Samferdselsdepartementet (SD), og frekvensløyva skulle også gjerast teknologinøytrale.

PT har signert rammeavtalar med tre konsulentselskap for gjennomføring av frekvensauksjonar. Under rammeavtalen fekk Copenhagen Economics oppdraget med å gjennomføre auksjonen i 2100 MHz-bandet. Auksjonen vart gjennomført innanfor tidsplanen som var sett på førehand og resultatet var klart før frekvensløyva i banda gjekk ut 1. desember 2012. Sidan to av dei fem registrerte deltakarane trekte seg like før auksjonen skulle ta til den 19. november, vart det ikkje overskotsetterspurnad i sjølve auksjonen. Dette førte til at auksjonen vart avslutta etter første runde og frekvensane vart selde til minimumsprisen på til saman 45 millionar kroner.

Resultatet av tildelinga i 2100 MHz gjer at Telenor, TeliaSonera og Mobile Norway no har like stor spektrumsmengd i dette bandet med 2 x 19,8 MHz kvar. Dette legg til rette for god konkurranse om å tilby moderne mobilkommunikasjonstjenester og gjer det mogleg for operatørane å tilby stor overføringskapasitet på mobilt breiband. Dei teknologinøytrale frekvensløyva gjer også at operatørane kan vere budde på den teknologiske utviklinga som kjem og sjølv velje når eit teknologiskifte er naudsynt. Alle frekvensane i 2100 MHz-bandet er no tildelt.

PT vil gjere departementet merksam på at tida vi hadde til gjennomføring av auksjonen, var knapp. Vi fekk klarsignal frå departementet i mai 2012 og måtte dermed ha ein svært stram tidsplan for å kunne gjennomføre tildelinga før 1. desember. I slike viktige tildelingar ynskjer PT meir tid til gjennomføring, og vi har også fått innspel frå aktørane om at tida var knapp for gjennomføringa av 2100 MHz-tildelinga. PT vil også vurdere om det er behov for strengare krav til deltakarar som melder interesse for frekvensar, spesielt i band med potensielt stor verdi. Det var uheldig at vi måtte gjennomføre heile planleggings- og gjennomføringsfasen når det til slutt ikkje var overskotsetterspurnad i auksjonen.

800/900/1800 MHz

Auksjonen av frekvensane i banda 800, 900 og 1800 MHz vart ikkje gjennomført i 2012 heller, sidan PT ikkje har fått klarsignal frå departementet om dei føringane som skal leggjast inn i tildelinga. PT meiner det er uheldig at denne prosessen har teke så lang tid, sidan frekvensane er svært etterspurte i marknaden. Samstundes vil vi også understreke at PT treng tilstrekkeleg tid til gjennomføring av auksjonen etter at vilkåra er klare. Ein auksjon med eit avansert auksjonsformat er tidkrevjande å planlegge. Som døme brukte Danmark og Sverige over eitt år på tildelinga av 800 MHz-bandet.

Tildeling av frekvensar for radiolinje

PT konstaterte overskotsetterspurnad etter frekvensar i radiolinjebanda 23, 28, 32 og 38

GHz. Frekvensbanda er viktige for aktørane som byggjer ut mobilt breiband, og kan nyttast i staden for fiber for å knyte basestasjonane til nettet. PT gjennomførte registrering til auksjon, men det var berre to aktørar som registrerte seg, Mobile Norway og TeliaSonera. Det var då uklart om det faktisk var overskotsetterspurnad og PT kalla dei to registrerte aktørane inn til eit møte den 29.november. I møtet vart det klart at det var nok tilgjengelege ressursar til at begge aktørane fekk

dekt sine behov i dei aktuelle banda og dei vart samde om ei fordeling av frekvensane seg



imellom. PT hadde på førehand avgjort pris for dei ulike frekvensblokkene, og til saman betalte dei to aktørane 3 050 000 kroner for løyva som varer til 31.desember 2037. For TeliaSonera og Mobile Norway er det viktig å kunne ha eigne alternative framføringsvegar til fast samband via kabel, då desse sambanda ofte må leigast av andre.

Tildeling av frekvensar for digital lydkringkasting

I samarbeid med Medietilsynet gjennomførte PT, på oppdrag frå Samferdselsdepartementet, auksjon av frekvensløyve og anleggskonsesjon for Riksblokk II 25.-26. april. Auksjonen vart gjennomført som ein nettauksjon ved bruk av løysinga utvikla av det norske selskapet Vendo AS. Det var to deltagarar i auksjonen og Norkring AS vart vinnar med eit bod på NOK 4 004 000.

PT er nøgd med tildelingsprosessen. Tildelinga vart gjennomført effektivt og auksjonen gjekk utan at det oppstod tekniske problem. Tildelinga av frekvensløyvet legg til rette for utbygging av digital lydkringkasting slik at måla om overgang frå FM til digital distribusjon kan gjennomførast innan fristen. PT har no røynsle med fleire typar auksjonar over Internett. Avhengig av kva frekvensband det er tale om, vil PT vurdere å nytte både opne auksjonsnettstader (som til dømes qxl.no) og meir lukka auksjonsnettstader i framtida.

Den 6. juli lyste PT og Medietilsynet ut frekvensløyve og anleggskonsesjon for prøvedrift av digital lokalradio. Lokalradioblokka inneheld 37 lokalregionar som til saman dekkjer heile fastlands-Noreg. Fristen for å søkje vart sett til 31. august og det vart stilt krav om bankgaranti for kvar region ein ville søkje på.

Det kom inn fleire søknader, og PT har konstatert overskotsetterspurnad i nokre av regionane, og vi planlegg å gjennomføre tildeling i form av auksjon. PT har valt Vendo AS, same leverandør som vart brukt i tildelinga av Riksblokk II, til å gjennomføre auksjonen.

Auksjonen skulle ha vore gjennomført i 2012. Dette greidde vi ikkje, mellom anna på grunn av ei tidkrevjande vurdering av om aktørar skulle stengjast ute frå auksjonen og om det skulle nyttast frekvenstak. Som PT også rapporterte i andre tertialrapport, kunne dette vere med på å forseinkje prosessen.

Problem med plassering av basestasjonsutstyr på kommunale bygg

PT har gjennom året hatt fleire møte med utbyggjarar av mobilnett. I samband med desse møta, og i samband med handsaming av søknader om samtykke til ekspropriasjon, har PT fått fleire meldingar om at det er til dels store problem med å få plassert basestasjonsutstyr på kommunale bygg i enkelte kommunar. Det kan vere fleire årsaker til dette, men i mange tilfelle er grunnen for avslag frå kommunen frykt for stråling frå radiosendarar. PT er uroa for denne utviklinga. Det er eit potensielt stort hinder for utbygging av endå betre mobilkommunikasjonstenester. Enkelte kommunar nyttar i praksis andre grenseverdiar for elektromagnetisk stråling enn dei som er gjevne av Statens strålevern. PT meiner at denne praksisen heller ikkje er i tråd med dei nasjonale retningslinene som vart gjevne i felles brev til alle kommunar frå statsrådane i FAD, KRD og SD datert 27. september 2010.

Mål 3

Post- og teletilsynet skal fremja effektiv bruk av nummerseriar, namn og adresser

For å nå dette målet skal Post- og teletilsynet i 2012:

- *Utarbeida forslag til norsk strategi for internettpolitikk knytt til styring av Internett og internasjonal resursforvaltning på Internett.*
- *Vidareføra nasjonalt samarbeidsorgan for innføring av internettprotokoll versjon 6 (IPv6.)*
- *Gjennomføra tilsyn hos Norid med vekt på førebyggjande tryggleikstiltak knytt til registreringssystemet, namnetenesta og organisasjonen.*
- *Følgja opp samarbeidet med bransjen og NRDB (Nasjonal Referansedatabase AS)*

Utarbeide forslag til norsk strategi for internettpolitikk knytt til styring av Internett og internasjonal resursforvaltning på Internett

PT utarbeidd i fyrste og andre tertial eit notat om internettpolitikk som peikar på kor viktig Internett er vorte for alle samfunnsfunksjonar og peikar på dei globale utfordringane styresmakter i alle land møter i dag. Notatet peikar også på kor viktig det er å sikre at Internett held fram med å vere ei drivkraft til samfunnsøkonomisk vekst og sosial og kulturell utvikling. Politikkelement som er omtalte, er styringa av Internett, tryggleik og stabilitet, kamp mot kriminalitet og forhold til nasjonal tryggleik og tryggingspolitikk. Notatet oppsummerte også forslag til tiltak knytte til dei ulike politikkelementa.

På bakgrunn av dette notatet utarbeidde PT eit meir konkret utkast til norsk strategi for internettpolitikk for samferdselssektoren som vart oversendt departementet i desember 2012. Her blir det lagt fram forslag til overordna mål og forslag til fokusområde og aktivitetar. For å koordinere nasjonale aktivitetar og vareta nasjonale interesser, meiner PT det er viktig at Samferdselsdepartementet forankrar ein nasjonal strategi for internettpolitikk i Regjeringa. Ein vedteken strategi vil vere eit nyttig instrument for målretta styring av arbeidet med Internett i sektoren.

Vidareføre nasjonalt samarbeidsorgan for innføring av internettprotokoll versjon 6 (IPv6)

SD gav i 2012 PT i oppdrag å vidareføre nasjonalt samarbeidsorgan for innføring av internettprotokoll versjon 6 (IPv6).

Vil ikke trenge i overgangen til IPv6 (Nyhet)
Vi vil ikke trenge i overgangen til IPv6. Post- og teletilsynet (PT) viser i en ny rapport til at mange internettbydere har kommet langt i å forberede nettet for IPv6. Likevel gjenskår e...

Forsiden > Aktuelt > Nyheter

Norge fremst i Europa med IPv6-adresser (Nyhet)
Norge fremst i Europa med IPv6-adresser. Post- og teletilsynet (PT) etablerte i 2011 en arbeidsgruppe for å bidra til raskere innføring av IPv6 i Norge. Arbeidet har gitt resultater og No...

Forsiden > Aktuelt > Nyheter

Norge ledende i Europa med IPv6-adresser (Nyhet)
Norge ledende i Europa med IPv6-adresser. Post- og teletilsynet (PT) etablerte i mars 2011 en arbeidsgruppe som skulle bidra til raskere innføring av IPv6. Arbeidet har gitt resultater og No...

Forsiden > Aktuelt > Nyheter

Vi mites på IPv6 (Nyhet)
Vi mites på IPv6. I dag er alle så avhengige av Internett at det vil være utenkelig at det en dag er «fullt» og vi ikke lenger kan utvikle nye tjenester. Men innen nytår har verden brukt opp u...

Forsiden > Aktuelt > Nyheter

PT har hatt fleire nyhende om IPv6 på heimesida.

er lagt inn som *bør-krav* ved offentlege anskaffingar.

PT har teke ei aktiv rolle i dette arbeidet og lagt til rette for innføring av IPv6. Det er viktig at styresmaktene går føre med eit godt døme ved å implementere støtte for IPv6 på eigne nettsider og tenester. PT har i 2012 arbeidd med å få nettsidene sine over på IPv6, i parallel med IPv4, og dette arbeidet er planlagt slutført i februar 2013. PT vil også nemne at vi har kontakta DIFI og at IPv6-kompatabilitet no

PT har arrangert møte i nasjonal samarbeidsgruppe i februar 2012. PT erfarer at det er god interesse for nasjonal erfarringsutveksling på desse møta. Tilbakemeldingar vi får er at det er viktig at PT/styresmaktene fasiliterer denne typen dialog mellom aktørane i marknaden. Parallelt med PTs arbeid med initiativ overfor bransjen, har IKT-Norge også i 2012 arrangert IPv6-forum som eit positivt og viktig supplement til den nasjonale samarbeidsgruppa.

Tal frå RIPE NCC for 2012 viser at Noreg har styrkt posisjonen sin som leiande i Europa når ein måler %del av internettleverandørar som har fått tildelt IPv6-adresser og som «annonserer» desse på Internett. Dette viser at bransjen sjølv tek ansvar, og dessutan at initiativ og tilrettelegging frå styresmaktene si side gjev resultat.

PT vil halde fram arbeidet med innføring av IPv6 på nasjonalt plan og har planlagt nytt møte i nasjonal samarbeidsgruppe i februar 2013. RIPE NCC står oss aktivt i arbeidet og vil også bidra i møtet i arbeidsgruppa i februar 2013.

Gjennomføra tilsyn hos Norid med vekt på førebyggjande tryggleikstiltak knytt til registreringssystemet, namnetenesta og organisasjonen

PT har i 2012 kartlagt og gjort ei brei vurdering av tryggleiken, stabiliteten og generell administrasjon/drift av .no domenet. PT sende vinteren 2012 ei rekke spørsmål til Norid, og alle desse er svara på.

PT bad om informasjon og dokumentasjon knytt til registreringssystemet for .no, namnetenarfunksjonen under .no og organisasjonsstrukturen i Norid. PT har også bede om informasjon om økonomien i Norid og om tidlegare gjennomførte ROS-analysar.

Norid har levert all etterspurt dokumentasjon og informasjon om kontraktar inngått med ulike leverandørar. PT har gjennomført tilsyn på bakgrunn av det innsende materialet og har hatt jamleg dialog med Norid. Tilsynsrapport frå PT låg føre i desember 2012.

Nokre av konklusjonane frå tilsynet:

- namnetenarane for .no har tilstrekkeleg kapasitet til å handtere oppslag ved normal og stor belastning. Norid synest å ha sett i verk tilstrekkelege tiltak for å kunne tolke feil i maskinvare og programvare, og for å halde namnetenesta tilgjengeleg.
- registreringssystemet for .no er eigenutvikla av Norid og er innført for å handtere den sterke veksten i talet på domene under .no. Systemet står registrering, endringar, overføringar og sletting av domenenamn, og PT konkluderer med at den tekniske prosessen ved registreringar under .no fungerer bra. Norid varetok pliktene sine som behandlingsansvarleg i samsvar med personopplysningslova.
- Norid har ein relativt liten organisasjon, og viser ei medviten haldning til kva for nokre stillingsfunksjonar som er kritiske for drifta av .no.
- Norid har dokumentert eit omfattande planverk som dekkjer kritiske og viktige informasjonssystem og infrastruktur.
- Norid har lagt fram ei oversikt som viser at organisasjonen har eit solid økonomisk fundament. Dette sikrar ei kontinuerleg utvikling av tenester og tryggleik for .no.

PT er samla sett svært godt nøgd med tryggleiksgjennomgangen med heile verksemda ved Norid. Tilsynsrapporten vart oversend til departementet i desember 2012. PT meiner at

denne typen tilsynsarbeid medverkar til å oppretthalde og vidareutvikle eit godt tryggingsnivå. Ein sikker og samstundes effektiv administrasjon av våre nasjonale domeneressursar er avgjerande for tilliten ute hjå brukarane og for å bidra til framleis vekst i den norske internettmarknaden.

Samarbeid med bransjen og Norsk Referansedatabase AS

Det er i 2012 halde to møte i Arbeidsgruppe Nummer, og fokus i fyrste halvår var særleg retta mot endring av dei administrative rutinane for nummerportering for å sikre kortare porteringstid frå 1. mars 2013. Endra administrative rutinar vart vedtekne på møte 6. juni 2012 og PT informerte bransjen spesielt i byrjinga av september for å setje søkjelys på dei fyrste endringane i tidsintervall som vert sett i kraft vinteren 2013.

Målsetnaden for arbeidet er at portering skal kunne skje i løpet av éin vyrkedag, jf. krav som følgjer av det endra USO-direktivet frå 2009, men enno ikkje implementert i det norske regelverket.

På møtet i oktober vart det sett ned ei arbeidsgruppe som ser på tiltak for å auke tilliten til telefonnummeradresser som blir viste som A-nummer.

Effekten av dette arbeidet vil fyrst bli synleg i 2013. Når det gjeld endringa av rutinane for å korte ned på den tekniske porteringstida, vil dette effektivisere byte av telefontilbydar for sluttbrukarane. Ein mogleg verknad av dette kan vere større mobilitet og konkurranse i marknadene.

Mål 4

Post- og teletilsynet skal bidra til at brukarane har tilgang til robuste, sikre og pålitelege elektroniske kommunikasjonsnett og -tenester

For å nå dette målet skal Post- og teletilsynet i 2012:

- *Særskilt tilsyn som følgje av hendingane med bortfall av elektronisk kommunikasjon i 2011.*
- *Følgja opp tilbydarane av elektronisk kommunikasjonsnett og -tenester sitt vidare arbeid etter hendingane med bortfall av elektronisk kommunikasjon i 2011, m.a. om beredskapen er forbetra.*
- *Gjennomføra høyring og fastsetja klassifiseringsforskrifta og følgja ho opp*
- *Følgja opp funn i den pålagde sårbarheitsanalysen av mobilnett som tilsynet gjennomfører.*
- *Følgja opp relevante funn i sårbarheits- og avhengnadsanalysen som tilsynet gjennomfører i samarbeid med Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap.*
- *Gjennomføra høyring av datalagringsforskrifta.*
- *Gjennomføra forprosjekt fase to for felles ekom-situasjonsforståing (FEKOMS) og evaluera dette.*
- *Fremja bransjenormer for internettryggleik i samarbeid med aktørane.*

Særskilt tilsyn som følgje av hendingane med bortfall av elektronisk kommunikasjon i 2011

I forlenginga av utfalla i mai og juni 2011 bad departementet PT om å følgje opp Telenor Norge AS gjennom tilsyn. Stadleg tilsyn vart gjennomført i oktober 2011, og tilsynet vart sluttført i mars 2012. Resultatet frå tilsynet kjem fram av tilsynsrapport og merknadsrapport

datert 26. mars 2012. Tilsynet avdekte ikkje avvik, men PT fann grunn til å kome med to merknader etter tilsynet.

Følgja opp tilbydarane av elektronisk kommunikasjonsnett og -tenester sitt vidare arbeid etter hendingane med bortfall av elektronisk kommunikasjon i 2011, m.a. om beredskapen er forbetra

PT har gjennom 2012 arbeidd vidare med tiltak føreslegne i PT sin rapport om ekstremvêret Dagmar. Som ledd i dette sende PT i juni 2012 eit forslag til justerte Dagmar-tiltak på høyring, der PT særleg ynskte innspel på forslaget til styrking av reservestraumkapasiteten i mobilnetta. Arbeidet med dette tiltaket held fram i 2013.

Andre Dagmar-tiltak er:

- Prioritet i mobilnett:
Tiltaket fekk ei løyving over statsbudsjettet på 30 millionar. PT vil sende forslag til forskrift om prioritet i mobilnett på høyring i løpet av februar 2013.
- Sårbarheitsanalyse av ekomnetta:
PT sette analysen ut til Nexia/Styrmand, som leverte sin rapport i oktober 2012. PT vil følgje opp innhaldet i rapporten i 2013.
- Rettleiar for kommunane i samarbeid med DSB:
DSB skal utarbeide rettleiar til forskrift om kommunal ROS til sommaren 2013. PT vil bidra med ekomfaglege innspel til dette arbeidet.
- FEKOMS. Tiltaket er omtalt i eige punkt.
- Regionale/fylkesvise beredskapslager, og reservestraum- og samband til lokalt særleg viktige anlegg:
Tiltaket inngår i PT sine avtalar med tilbydarane om beredskapstiltak, og er omtalt i eige punkt.
- Tre døgns reservestraum i anlegg delt med Naudnett:
Tiltaket er avhengig av særskild myndighetsfinansiering. Det vart ikkje sett av midlar for tiltaket i 2012.

Fleire av dei føreslegne tiltaka som PT har arbeidd med, vart ikkje ferdigstilte i 2012. Effekten av tiltaka er difor først og fremst venta å bli synlege i 2013. Likevel har PT inntrykk av at arbeidet med tiltaka har ført til eit auka fokus på ekomtryggleik og -beredskap, både frå tilbydarane si side, og frå beredskapsaktørar i andre sektorar.

Gjennomføra høyring og fastsetja klassifiseringsforskrifta og følgja ho opp

PT sende forslag til forskrift om klassifisering og sikring av anlegg i elektroniske kommunikasjonsnett (klassifiseringsforskrifta) på offentleg høyring 2. februar 2012. Etter handsaming av høyringssvara vart forskriften fastsett 10. september 2012. Forskrifta er gjeldande frå 1. januar 2013. PT har i tillegg publisert ei rettleiing til forskriften som er tilgjengeleg på våre nettsider. Forskrifta vil gjere at PT har eit mykje betre grunnlag for systematisk oppfølging av tilbydarane sine tiltak for sikring av infrastruktur.

Følgja opp funn i den pålagde sårbarheitsanalysen av mobilnett som tilsynet gjennomfører

Hausten 2011 vart det gjennomført ein sårbarheitsanalyse av mobilnetta i Noreg. Rapporten vart publisert i januar 2012 og la fram ei rekke forslag til tiltak. Analysen synte at sambandsinfrastrukturen er ein særsviktig ressurs som er felles ikkje berre for mobilnetta, men òg for andre ekomnett. Difor var eitt av tiltaka å gjennomføre ei kost-/nyttevurdering av tiltak for å styrke sambandsstrukturen. Rapport frå dette arbeidet vart levert PT i november 2012.

Sårbarheitsanalysen identifiserte fleire logiske og fysiske sårbarheitar. Fleire av dei fysiske sårbarheitane blir adresserte i klassifiseringsforskrifta. Medan rapporten synte at operatørane handterer dei vanlegaste utfordringane tilfredsstillande, har dei i mindre grad beredskap for ekstreme påkjenningar. PT vurderer kontinuerleg tekniske og organisatoriske krav til tilbydarane for å minske sårbarheitar knytte til mellom anna kompetanse og rutinar.

Følgja opp relevante funn i sårbarheits- og avhengnadsanalysen som tilsynet gjennomfører i samarbeid med Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap

Avhengnadsanalysen som vart gjennomført i samarbeid med DSB innarbeidde forslaga til tiltak som vart lagde fram etter utfalla i 2011, og knytte enkelte av desse opp mot pågåande aktivitetar hjå DSB og andre aktørar. PT si oppfølging av avhengnadsanalysen er difor i stor grad teken inn i arbeidet med oppfølginga av utfalla i 2011 som alt er omtalte. PT har i tillegg kome med bidrag til andre sektorar i arbeidet med og følgje opp tiltak som ROS-analyser og beredskapsplanlegging. Som tiltak på sentralt nivå omtaler rapporten arbeidet til DSB med Nasjonalt Risikobilde (NRB), og PT deltek i referansegruppa for NRB. PT deltek òg i referansegruppa for KIKS-prosjektet til DSB (sikkerheit i kritisk infrastruktur og kritiske samfunnsfunksjonar).

Gjennomføra høyring av datalagringsforskrifta

PT har i 2012 gjennomført offentleg høyring av forslag til forskrift om lagringsplikt for bestemte data og om tilrettelegging av desse dataa («datalagringsforskrifta»). Datalagringsforskrifta er meint å utdjupe kven som skal lagre kva slags data når og korleis, og kor fort slike data skal gjerast tilgjengelege for dei som har lovleg tilgang, i tillegg til visse administrative forhold knytte til sjølve lagringa. PT fekk inn 26 høyringssvar med merknader. I etterkant av høyringa gjennomførte PT i tillegg møte med justissectoren og ekomsektoren, og med Datatilsynet. PT har teke dei mottekne innspela i høyring og i dei etterfølgjande møta til vurdering, og sendt forslag til forskrift til SD. PT minner om at formell delegasjon av myndighet til å fastsetje forskrifta må på plass før forskrifta kan fastsetjast.

Gjennomføra forprosjekt fase to for felles ekom-situasjonsforståing (FEKOMS) og evaluera dette

I 2011 gjennomførte PT forprosjektet "Felles ekom situasjonsforståelse (FEKOMS)". Forprosjektet greidde ut behov og utsikter for eit system som kan gje eit samla situasjonsbilete over tilstanden i ekomnett- og tenester, med føremål å stø opp om beredskapsaktørar si handtering av krise- og beredskapssituasjonar. Forprosjektet, og

røynslene frå Dagmar, viste at det er eit openbert behov for betre informasjon om tilstanden i ekomnett- og tenester.

Fase to av FEKOMS er å utvikle og evaluere ein prototype. PT sende hausten 2012 eit utviklingsoppdrag på ein systemprototype på anbod. Systemet vil bli utvikla fyrste halvår 2013 og i fyrste omgang bli testa og evaluert under den regionale Øving Austlandet 2013 som skal arrangerast på hausten.

Fremja bransjenormer for internettryggleik i samarbeid med aktørane

PT har ikkje identifisert eller sett i verk tiltak knytte til nye bransjenormer i 2012.

Mål 5

Post- og teletilsynet skal bidra til at regelverket på post- og ekomområda er oppdatert og hensiktsmessig i lys av teknisk og marknadsmessig utvikling

For å nå dette målet skal Post- og teletilsynet i 2012:

- *Hjelpe departementet med å revidera ekomforskrifta.*
- *Oppdatera nummerforskrifta i tråd med andre endringar i ekomregelverket.*
- *Vurdera og foreslå endringar i reguleringa av særlege tenester for funksjonshemma og andre sluttbrukarar med spesielle behov.*
- *Foreta ein samla gjennomgang av regelverket for sal av ekomutstyr og tekniske krav til ekomnettinstallasjonar. Dei relevante forskriftene skal vurderast med omsyn til relevans, handheving og forenkling. Arbeidet skal resultera i forslag til endringar i følgjande forskrifter og naudsynte administrative tiltak:*
 - ✓ *R&ITE-forskrifta (forskrift om radio- og teleterminalutstyr)*
 - ✓ *EMC-forskrifta (forskrift om elektromagnetisk kompatibilitet)*
 - ✓ *Maritim forskrift*
 - ✓ *Registreringsforskrifta*
 - ✓ *Aeroforskrifta*
 - ✓ *Eltryggleksforskrifta.*

Revidert ekomforskrift

PT har ikkje motteke oppdrag om å vere til hjelp for Samferdselsdepartementet med revisjon i ekomforskrifta i 2012.

Nummerforskrifta

PT har i 2012 gjennomført ei mindre høyring av ei ny føresegn i nummerforskrifta for forvaltning av id-kodar for analog og digital lydkringkasting. I tillegg har tilsynet arbeidd med å ferdigstille endringsforskrift til nummerforskrifta, basert på høyringsutkastet frå departementet frå sommaren 2010.

Regelendringane vil blant anna effektivisere PTs nummerforvaltning gjennom auka høve til å trekke attende nummerressursar ved brot på fastsette vilkår ved tildeling.

Særlege tenester for funksjonshemma og andre sluttbrukarar med spesielle behov

PT har i 2012 initiert eit arbeid om særlege tenester for funksjonshemma og andre sluttbrukarar med spesielle behov. Mål med arbeidet er blant anna å presisere rolla og oppgåvene PT har framover innanfor dette området og vurdere eventuelle tiltak, medrekna behov for regelendringar. Individundersøkingar frå 2011 gav PT ei viss innsikt i korleis dei særlege ekomtenestene blir brukte i Noreg i dag. For å oppnå ei meir fullstendig forståing av dagens situasjon, har PT gjeve forskingsstifta Fafo i oppdrag å lage ein komparativ analyse av den norske ressursbruken på området samanlikna med Danmark og Sverige. Analysen skal vurdere kost- og nytteverknader ved eventuell vidareutvikling av / endringar i det eksisterande tilbodet. Basert på dette arbeidet vil PT førebu ein rapport med våre vurderingar av reguleringa innanfor området særlege tenester for funksjonshemma og andre brukarar med spesielle behov.

Effektane av arbeidet avheng av kva funn og eventuelle vegval tilsynet vil tilrå når arbeidet er ferdigstilt i 2013.

Gjennomgang av regelverk

Ny forskrift om autorisasjon for verksemde som utfører installasjon og vedlikehald av elektronisk kommunikasjonsnett (autorisasjonsforskrifta) vart sett i kraft 1. januar 2012. Forskrifta innebar ei samanslåing av fleire autorisasjonskategoriar med ulike kompetansekrav til éin felles kategori «ekomnettinstallatør». Grensene mellom ulike typar ekominstallasjonar har i aukande grad vorte meir uklare fordi fleire tenester bruker same teknologi. Den nye ordninga er betre tilpassa behova i bransjen for betre å kunne installere og vedlikehalde nett på tvers av teknologi. Tilsynet med autorisasjonsordninga er også forenkla. Ordninga har vorte godt motteken i bransjen og PT har opplevd auka etterspurnad etter å bli autorisert.

PT gjorde i 2012 ei evaluering av behovet for endringar i regelverket for innførsel omsetning og bruk av radio- terminal og infrastrukturutstyr. Resultata frå evalueringa er samanfatta i rapporten « Forskriftsarbeid 2012, gjennomgang av teknisk regelverk for utstyr og nett» som er oversendt til Samferdselsdepartementet. Samla omfatta arbeidet 7 forskrifter som er fastsette med heimel i ekomlova. Evalueringa viste at regelverket oppfyller føremålet, men at det er mogleg å forbetre det på nokre område.

Tilgangen til dei tekniske krava kan forbetrast dersom ein kan samle desse 7 forskriftene i ei utstyrfsforskrift og ei nettforskrift. Det blir rådd til at ein arbeider mot ei slik samanslåing. Eit slikt arbeid vil vere føremålstenleg å gjere ved ein seinare lovrevisjon og når nytt Radiodirektiv blir gjeldande. Eit slikt arbeid vil også få følgjer for ekomforskrifta som blir fastsett av Samferdselsdepartementet.

Registreringsordninga for leverandørar og radioforhandlarar blir vurdert til å vere lite føremålstenleg i dagens dynamiske utstyrsmarknad. Ordninga er krevjande å følgje opp, kan vere konkurransevridande og mange unnlæt å registrere seg. PT vil i 2013 arbeide for å finne alternativ til denne ordninga.

Ulovleg bruk av mobilforsterkarar har i dei seinare åra ført til mange forstyrringar i mobilnetta med uheldige konsekvensar for operatørane. PT har også brukt ressursar på

informasjon, stoppe ulovleg bruk og kontrollere produkt som har vore tilgjengelege i marknaden. Situasjonen verkar å vere betra og det er difor førebels ikkje grunnlag for særregulering av denne utstyrstypen med siktet på å avgrense omsetninga. PT vil likevel framleis følgje opp kontakten mot operatørane og følgje opp marknaden for denne utstyrstypen spesielt.

Det har vore stilt spørsmål ved om ordninga med gebyrbelagt løyve til bruk av personleg naudpeilesendar er naudsynt. PT konkluderer med at dagens ordning er ein viktig tryggleiksfunksjon for mange. God kvalitet på data og tilgang på desse for redningstenesta er difor viktig. Andre land som tilsynet har vore i kontakt med, opplever problem med datakvalitet og falske alarmar, noko som fører til at hendingar er vanskelege å etterforske. Dette fører til unødig ressursbruk hjå redningstenesta og auka risiko for at redningsarbeidet blir seinka og feilprioriteringar. PT meiner difor at dagens ordning bør oppretthaldast. Kostnadene ved administrasjon av ordninga bør framleis dekkjast ved gebyr. Dette har også den fordelen at ein sikrar jamleg vedlikehald av viktige kontaktdatala. Vilkåra for løyvet og krav til programmering av einingane bør vere forskriftsfesta.

PT utfordrar løyve til bruk av radioutstyr i norskregistrert luftfartøy. Blant anna så er ubemanna luftfartøy ikkje registreringspliktige i dette registeret. Ubemanna luftfartøy bruker norsk luftrom og bruker radioutstyr som normalt krev løyve frå PT. PT vil utgreie behovet for å gje løyve til bruk av radioutstyr i luftfartøy som ikkje er registreringspliktige.

Mål 6

Post- og teletilsynet skal informera samfunnet om utviklinga i post- og ekomarknadene og om tilsynet si verksemد

For å nå dette målet skal Post- og teletilsynet i 2012:

- Leggja til rette for at ulike målgrupper enkelt kan få tilgang til den informasjonen dei treng innafor tilsynet sine arbeidsområde på tilsynet si heimeside.
- Vidareutvikla eigne forbrukarportalar for å reflektera dei ønska og behova for informasjon som målgruppene har.
- Informera om tilsynet sine saksfelt i ulike fora.
- Etablira ei nyheitsteneste på heimesida der relevant internasjonalt arbeid vert tydeleg kommunisert.

PTs strategipunkt nummer 3 er at vi skal vere den beste kjelda i alle relevante saker. Dette er ei stor plikt å leggje på verksemda, men føremålet er å vere offensiv og synleg, og by fram informasjon om alle dei felta PT har å gjere med.

I 2012 har PT lansert den nye versjonen av heimesida www.npt.no. Dei vala som er gjorde i bygginga av sida, er mellom anna tufta på grundige samtalar med dei viktigaste målgruppene som nyttar informasjon frå PT. Det er mykje mindre tilfang av informasjon på nettstaden no enn tidlegare, og dette kjem av at den gamle versjonen av sida inneholdt altfor mykje som ikkje vart nytta. Informasjonen som ikkje er med på den nye sida, er tilgjengeleg dersom nokon spør etter han. Heimesida er laga for å verke optimalt både på PC, nettbrett og mobil.

PT har også hatt samarbeidsmøte og seminar med fleire andre styresmakter. Slik arbeider vi for å sikre klare grenseflater og unngå dobbeltarbeid. Vanlege samarbeidsmøte er tufta på avtalar vi har inngått tidlegare, og slike møte har vi hatt i 2012 med mellom andre Forbrukarombodet, Forbrukarrådet, Konkurransetilsynet og Medietilsynet. Avtalen med Konkurransetilsynet vart presisert og fornya i 2012. Vi har også identifisert trong for å inngå avtalar med Statens Strålevern og Nasjonal sikkerheitsmyndighet.

The screenshot shows the homepage of the Post- og teletilsynet website. At the top, there's a banner with a person working on a computer keyboard. Below the banner, the header includes the logo 'pt Post- og teletilsynet' and 'Norwegian Post and Telecommunications Authority'. The main menu has links for 'FORSIDEN', 'OM PT', 'PUBLIKASJONER', 'TJENESTER', 'INFRASTRUKTUR', 'RESSURSER', 'UTSTYR', 'SIKKERHET', and 'SØK'. On the left, there's a sidebar with 'RESSURSER' and 'REGELVERK' sections. The 'RESSURSER' section lists categories like 'Marked', 'Teknisk', 'Fritid', and 'Forbruker', each with a list of sub-topics. The 'REGELVERK' section lists various laws and regulations. In the center, there's a search bar and a 'Nyhetssbrev' link. At the bottom left, there's a calendar for February 2013 and a link to 'Aktiviteter i PT'. At the bottom right, there's a box about 'Höringssvar om datalagringsforskriften'.

PT si nye og gamle heimeside www.npt.no.

Besøkstal 2012 for PT sine nettstader

Nettvett.no	125 841
Npt.no	218 958
Telepriser.no	370 595
Nettfart.no	910 333
Finnsenderen.no	56 481

Telepriser.no

www.telepriser.no har no vore i drift i 10 år, og nettstaden er framleis aktuell. 30.000 brukarar gjer utrekningar på kalkulatorane kvar månad, og sida blir brukt som kjelde for både media, forbrukarar og bransjen sjølv.

Det er store endringar i mobilmarknaden i Noreg, målt mot då Telepriser vart lansert i 2002. Ei viktig endring på sluttbrukarnivå er at dei aller fleste no kjøper såkalla pakkeabonnement, der ein betaler for eit førehandsdefinert forbruk. For mange forbrukarar er ikkje dette det mest økonomisk lønsame, men abonnementa passar godt til smarttelefonar. I 2012 utgjorde salet av smarttelefonar over 85 % av alle mobiltelefonar (kjelde: Statistisk sentralbyrå).

Telepriser syner kva for eit abonnement som er det billigaste ut frå akkurat det forbruket den einskilte legg inn i kalkulatorane. Med pakkeabonnement og smarttelefonar er det ikkje gjeve at Telepriser gjev klåre svar på alle spørsmål om lønsemd, og difor bestemte PT i 2012 å setje i gang ei evaluering av nettstaden. Konklusjonen vil ligge føre i 2013.

Nettvett.no

PT har i 2012 arbeidd aktivt med oppdraget vi fekk frå SD i 2005 om at Nettvett skal vere den føretrekte statlege portalen for trygg og sikker bruk av Internett.

Facebook og Twitter har vore dei to viktigaste kanalane utanom nettstaden for informasjonsformidling, og vi legg stor vekt på å vere beste kjelde innan ansvarsområdet for nettstaden. Dette er likevel ganske utfordrande, fordi det er ganske mange offentlege nettstader med omrent same oppdraget. Samarbeid og avgrensing av oppdrag og hovudmålgrupper er difor naudsynt for å nytte statens ressursar mest mogleg effektivt.

I 2012 har PT difor utgreidd korleis og i kva form Nettvett best kan utvikle seg. Eit arbeid er på gang for å kome fram til konkrete modellar og forslag for å nytte ressursane på dette viktige feltet om sikker åtferd på nettet endå betre. SD har vore førelagt problemstillinga og har støtta opp under at gebyrmidlar kan nyttast til å arbeide vidare med Nettvett.

PT har i 2012 halde om lag 20 Nettvett-foredrag, i hovudsak ved skular, og har hatt to undervisningsøkter for studentar ved lærarutdanninga ved Universitetet i Agder.

PT heldt kurs under Sørlandske lærerstevne i oktober 2012 med tema nettvett og informasjonstryggleik.

PT markerte i april 2012 Nasjonal sikkerheitsdag med eit regionalt arrangement i Lillesand med nasjonale føredragshaldarar med deltaking hovudsakleg frå Agder-regionen. Føremålet med Nasjonal sikkerheitsdag er å spreie kunnskap om truslar, opplyse om viktige tiltak og for å verke til gode haldninga innanfor informasjonstryggleik. PT deltok ikkje i arrangement på dagen i Oslo. Det er semje i gruppa for Nasjonal sikkerheitsdag om at det ikkje er naudsynt med eit felles arrangement i Oslo. PTs regionale arrangement er det som har trekt mest folk, og fleire av dei som tidlegare var med på det sentrale arrangementet i Oslo, har ynskt å delta i Lillesand.

Nettfart.no

Utviklinga i talet på besøk til Nettfart.no har også i 2012 vore positiv. For året som heilskap ligg gjennomsnittet på om lag 75 000 besøk pr månad, mot om lag 60 000 pr månad i 2011. Nettfart er den mest besøkte nettstaden til PT.

Det er ikkje utført større endringar i form eller funksjonalitet for tenesta gjennom året. Løysinga med at tilbydaren sine ulike abonnement ligg tilgjengeleg for den besøkande, og at han/ho sjølv må identifisere abonnementet sitt, ser ut til å fungere fint. Det er ikkje registrert mange spørsmål eller kommentarar til dette frå brukarane av tenesta.

Oversikt over alle lagra målingar (statistikkdelen) var planlagt lansert i slutten av tredje tertial, men dette vart utsett til fyrste del av 2013. Referansegruppa av tilbydarar har likevel gjennom heile perioden hatt tilgang til desse dataa, og dermed høve til jamleg å drøfte eller kommentere måleresultat.

Gjennom hausten 2012 har det vorte utført testing av ny versjon av sjølve målemotoren. Testinga har gått i parallell med vanleg drift, og røynsler frå dette tilseier at ei oppgradering bør takast inn i framtidige planer for tenesta.

PT har i løpet av 2012 vurdert alternative vegar vidare for portaltenesta Nettfart.no og vidare finansiering av denne tenesta. Det blir rådd til å vidareføre arbeidet med Nettfart.no og justere noko opp på ressursinnsatsen for å leggje til rette for betre utnytting av innsamla informasjon. Bruk av gebymidlar til Nettfart.no er vurdert og funne uproblematisk basert på gjevne retningslinjer. SD står tilrådinga om å gå vidare med prosjektet og at prosjektet kan finansierast innanfor gebyrfinansieringa.

PT i ulike forum

I 2012 feira PT 25-års jubileum. Dette året vart nytta til å gje ein god del informasjon om PT i forum der vi ikkje vanlegvis snakkar om organisasjonen som heilskap. Vi har mellom anna halde ei rekke föredrag i inn- og utland, og har nytta høvet til å snakke om PTs nye og forenkla strategi. Vi har og hatt ei rekke samarbeidsmøte med andre styresmakter, og vi har hatt föredrag både på fylkes-, kommune- og individnivå. Eit døme på det siste er deltakinga vår under Arendalsveka i august, der vi hadde föredrag på ein gatekafé. Tema var stråling frå elektronisk kommunikasjon.



Seksjonssjef Per Eirik Heimdal haldt föredrag om stråling under Arendalsveka 2012.

PT deltek i omfattande internasjonalt arbeid, og held innlegg både om organisasjonen og om ulike fagfelt. I 2012 vart direktør Torstein Olsen vald inn i styret i IRG (International Regulators group), og har observatørstatus i BEREC sitt styre.

I høve jubileumsåret laga PT ein faldar som presenterer nokre av oppgåvene og glimt frå utviklinga på både post- og teleområdet. Faldaren vart særleg produsert til PT-forum, men nytta gjennom heile året i møte med dei ulike målgruppene PT har. (bilete)

PT-forum

PT-forum vart halde i juni, og dette er det femte forumet etter at tilsynet flytta frå Oslo. PT-forum er vorte ein sjølvsagt treffplass for leiarar i telebransjen, og i jubileumsåret var det



Director General Robert Madelin (EU-kommisjonen) og PT-direktør Torstein Olsen under PT-forum 2012.

særskilt godt medlemstalartal og deltakarar frå så og seie alle dei viktige telekomaktørane i Noreg.

PT satsar på nye treffpunkt med ulike målgrupper, for på den måten å halde god kontakt med fagfolka i dei bransjene der vi fører tilsyn. Vi har hatt fyrste møte i nasjonalt Internet Governance Forum, og vi har etablert Frekvensforum. Både foruma skal vere treffstader for smalare og meir spesialiserte grupper enn til dømes PT-forum, og både hadde god oppslutning då dei for fyrste gongen vart arrangerte hausten 2012.

Frekvensforum

Tema under fyrste frekvensforum var internasjonalt harmoniseringsarbeid.

Mellan anna vart det semje om at PT vil ha om innspel ved større møte ved å sende ut nyhendevarsel saman med agenda og informasjon om dei sakene som PT meiner er av størst interesse. PT følgde opp dette før møtet i ECC i oktober. Vi held også fram med arbeidet i den etablerte gruppa NORWRC når det gjeld førebuingane til neste radiokonferanse.

Nasjonalt Internet Governance forum



Assisterende direktør Elisabeth Aarsæther (PT) og politiadvokat Erik Moestuen, KRIPOS under arrangementet på Litteraturhuset i Oslo

Internett blir stadig viktigare for alle samfunnsfunksjonar og utvikling av politikk, økonomi, offentlege og private tenester og sosial og kulturell kommunikasjon. Forhold knytte til Internett vedkjem heile samfunnet og dei fleste offentlege og private aktørar. For å stimulere til ein nasjonal debatt om noverande og framtidige potensial og utfordringar på Internett arrangerte PT for fyrste gong eit nasjonalt Internet Governance forum i november 2012. Tema for dette fyrste møtet var «Balansen mellom åpenhet, frihet og sikkerhet på Internett». For å belyse dette temaet hadde PT invitert føredragshaldarar frå Council of Europe, Kripos og Nasjonal sikkerheitsmyndighet, i tillegg til at PT og SD heldt presentasjonar om

temaet.

PT i samfunnsdebatten

I 2012 har vi hatt relativt mange kronikkar og innlegg på trykk i media, i tillegg til at vi sender ut nyhende jamleg. Vi har arbeidd særleg med å auke nynorskdelan både i nyhende og direkte på nettstadene våre, og vi har hatt eigne kurs for dei tilsette for å bli betre til å skrive nynorsk.

PT har no aktive profilar både på Facebook og Twitter. Det er ikkje PT sin strategi å nytte desse til sakshandsaming, men i hovudsak berre til å publisere nyhende og råd. Det er likevel viktig at vi har aktive profilar, slik at vi kan nytte desse kanalane til direkte kommunikasjon i ein unntakstilstand, eller til dømes om heimesida skulle vere utilgjengeleg.

PT har ikkje fått på plass ei tilfredsstillande løysing for internasjonale nyhende på heimesida. Vi har publisert fleire saker enn tidlegare om arbeidet vårt med internasjonale saker, og vi har oppretta ein kalender med oversyn over mange av dei møta som PT deltek i internasjonalt. Tilbakemeldingane frå bransjen er at dette er nyttig, slik at dei kan spele inn til PT ulike spørsmål osb. i framkant av møte.

Vi vil halde fram arbeidet med å få på plass ei teneste som er endå betre, og målet er å få til ei teneste som både er aktuell og relevant.

Mål 7

Post- og teletilsynet skal fremja norske interesser i internasjonalt arbeid innafor post- og ekommarknadene og vera oppdatert på den internasjonale utviklinga på desse områda

For å nå dette målet skal Post- og teletilsynet i 2012:

- *Etablera rutinar for EFTA Board of Regulators saman med regulatørane i Island og Liechtenstein.*
- *Engasjera seg i BEREC sitt arbeid, spesielt knytt til nettnøytralitet og internasjonal gjesting*
- *Vidareføra samarbeidet med styresmaktene i Nederland og Brasil om finansiering og drift av sekretariatet for Governmental Advisory Committee (GAC) i ICANN (Internet Corporation for Assigned Names and Numbers).*
- *Hjelpa departementet med å førebu og delta på UPU-kongressen (Universal Postal Union) hausten 2012.*
- *Ta hand om norske interesser under Radiokonferansen (WRC-12).*

Etablere rutinar for EFTA Board of Regulators

Dette styret er førebels ikkje oppretta, og det vart difor i 2012 heller ikkje sett i verk eit samarbeid med tilsynsorgana frå Island og Liechtenstein for å utarbeide dei føreskrivne rutinane.

BEREC sitt arbeid med internasjonal gjesting

PT har gjennom heile 2012 delteke aktivt i BEREC sitt arbeid med å utvikle retningslinjer for tolking av EU si nye regulering av internasjonal gjesting. For å sikre ei best mogleg forståing av marknads- og tekniske utfordringar har norske aktørar vorte konsultert gjennom heile prosessen. Retningslinjene presiserer blant anna plikter/rettar når det gjeld grossistsal av gjestingstenester og vil vere viktige i enkeltsaker som måtte oppstå.

Når det gjeld innlemminga av det nye EU-regelverket i EØS-avtalen har PT også følgt denne prosessen tett fram til ikraftsetjinga i det norske regelverket i desember 2012. Det har blant anna vore viktig for PT å kunne avklare og informere norske sluttbrukarar og aktørar om kva som ville vere rettstilstanden i tidsrommet frå den tidlegare reguleringa vart oppheva 1. juli 2012 og fram til ny regulering var på plass i EØS EFTA-landa.

Forventa effekt av arbeidet vil i fyrste rekke vere lågare sluttbrukarprisar for internasjonal gjesting ettersom norske sluttbrukarar frå desember 2012 har krav på tilsvarende prisar som kundar i EU-landa. På sikt vil ein kunne sjå om tilgangsregulering på grossistnivå fungerer etter intensjonen slik at den gjev grunnlag for auka konkurransen i sluttbrukarmarknadene og der igjennom sluttbrukarprisar under det regulatoriske pristaket.

BEREC sitt arbeid med nettnøytralitet

PT har også i 2012 leidd BERECs Net Neutrality Expert Working Group. BERECs arbeid knytt til nettnøytralitet har bestått i analyse av dei nye regulatoriske verkemidla i Ekompakka frå 2009. Etter tre års arbeid i denne gruppa publiserte BEREC i desember 2012 sitt overordna syn på nettnøytralitet, inklusive ei tilrådd regulatorisk tilnærming bestående av tre steg:

1. Sikre at marknadskreftene verkar.
2. Overvake og oppdage eventuell degradering av internetttenesta.
3. Ved behov setje minimumskrav til kvalitet på internetttenesta.

Som ei oppfølging av dette, har BEREC i sitt arbeidsprogram for 2013 blant anna satsa på utveksling av kompetanse mellom dei europeiske teletilsyna om måleplattformer for internettkvalitet, og norske Nettfart er eit interessant bidrag i denne samanhengen. Denne aktiviteten vil på sikt kunne bidra til ei meir uniform tilnærming til nettnøytralitet og internettkvalitet på tvers av landegrensene i Europa.

Vidareføra samarbeidet med styresmaktene i Nederland og Brasil om finansiering og drift av sekretariatet for Governmental Advisory Committee (GAC) i ICANN (Internet Corporation for Assigned Names and Numbers)

Governmental Advisory Committee (GAC) er det rådgivende myndighetsorganet i Internet Corporation for Assigned Names and Numbers (ICANN). I 2011 etablerte PT et nytt GAC-sekretariat i samarbeid med myndighetene i Nederland og Brasil. Sekretariatet var operativt fra januar 2011 til og med desember 2011.

Som ei følge av store utfordringar knytt til samarbeidet mellom GAC - Chair og personalet i sekretariatet, avslutta dei opphavleg tilsette engasjementa sine i Nederland. Frå januar 2012 har difor GAC frå dette tidspunktet måttat stø seg på ei mellombels ordning med ein sekretariatsfunksjon bestående av ein person tilsett i ICANN. Denne har berre hatt høve til å hjelpe til med administrasjon av GAC intern Web-portal og e-postliste, attåt praktisk støtte under dei fysiske GAC-møta. I 2012 har det såleis ikkje vorte utført tyngre sekretariatsarbeid som innsamling av informasjon og produksjon av førebuingssnotat og analysar m.v.

Vedtak i GAC Communique frå juni 2010 om å etablere eit stabilt sekretariat med støtte frå Brasil, Nederland og Noreg, er framleis gyldig. Dei fleste landa som er representerte i GAC (med unntak av USA, Canada og nokre støttespelarar som Australia og New Zealand) er samde om at GAC treng ein stabil sekretariatsfunksjon for å kunne etablere gode arbeidsmetodar. Dette har vore tema på dei tre siste ICANN/GAC-møta i 2012. PT konstaterer sterkt støtte frå blant anna EU-kommisjonen og dei europeiske landa. Samarbeidet mellom Nederland, Brasil og Noreg når det gjeld gjenoppretting og finansiering av et GAC-sekretariat finst framleis.

Hausten 2012 sende GAC ei offisiell utlysing på heimesidene sine etter kandidatar/organisasjonar til sekretariatet.

Fleire kandidatar har meldt si interesse, men det er førebels ikkje gjort endeleg val av organisasjon. Dette er planlagt gjennomført i løpet av neste ICANN/GAC-møte i april 2013. Nederland, Brasil og Noreg samarbeider altså med resten av GAC for å få på plass eit nytt sekretariat så snart som råd.

Hjelpa departementet i å førebu og delta på UPU-kongressen

PT deltok med i alt fire personar på UPU-kongressen, med deltaking jamt fordelt over perioden kongressen varte. PT har også hjelpt SD i førebuingane til kongressen, blant anna ved å gje departementet synspunkt på forslaga som skulle behandlast, attåt å delta saman med departementet på møte i arbeidsgruppe i CERP med føremål om europeisk koordinering i framkant av kongressen.

Forventa effekt av UPU-kongressen er bidrag til harmonisering av regelverket på postområdet på verdsbasis.

Ta hand om norske interesser under radiokonferansen (WRC-12)

PT var representert med fleire delegatar til radiokonferansen i Genève i januar/februar. I tillegg var SD, Forsvaret og Telenor til stades under konferansen som del av den norske delegasjonen.



Frå ein internasjonal konferanse om frekvensar i Kristiansand.

Europa fekk gjennom mange av forslaga sine til konferansen, men temaet som skapte størst debatt var meir frekvensar til mobilt breiband i delar av frekvensbandet som i dag blir nytta til digital-TV (470-790 MHz). Dette var eit punkt som i utgangspunktet ikkje stod på agendaen, men som vart fremja av fleire afrikanske land. Resultatet vart ei ny allokeringsplan til mobilt breiband under 790 MHz, der den nedre grensa ikkje er endeleg avgjort. Allokeringa er ko-primær med kringkasting og vert ikkje sett i kraft før neste radiokonferanse, truleg i 2015, og då skal også

den nedre grensa avgjerast. Agendaen til neste konferanse, særleg på nye frekvensar til mobil bruk, gjer at interessa for konferansen blir ekstra stor. PT vil aktivt ta del i dei europeiske førebuingane fram mot konferansen og på vanleg måte involvere den norske bransjen gjennom det etablerte forumet NORWRC. PT vil også gjennomføre eit prosjekt i samarbeid med NTV for å studere konsekvensane for bakkebasert TV-kringkasting dersom frekvensane i 700 MHz-bandet skal takast i bruk til mobilt breiband. Dette arbeidet vil starte fyrste kvartal 2013 og vil gå føre seg parallelt med førebuingane mot neste radiokonferanse.

Vilkår og krav som går på tvers av måla

Informasjonstryggleik

PT har i 2012 vedteke eit dokument for tryggleiken i PT – «Sikkerhet i PT» - som mellom anna formulerer klart korleis informasjonshandteringa skal skje i PT. Dokumentet gjev normer for informasjonshandtering og konkrete køyrereglar for korleis norma skal etterlevast. Dette tiltaket har de facto styrkt informasjonstryggleiken i PT, då det har styrkt tryggingskulturen gjennom å ha fremja fokuset på tryggleik.

Samfunnstryggleik og beredskap

Tilskot til ekomtryggleik og beredskap

Stortinget løyvde over Statsbudsjettet for 2012 27 mill. kroner til teletryggleik og -beredskap over kapittel 1380, Post 70. Midlane er fordelte etter overordna føringar i PT sitt tildelingsbrev frå SD, og etter PT si rettleiing for Post 70.

Med heimel i ekomlova § 2-10 andre ledd, vart det i 2012 gjort avtalar med Telenor Norge AS, TeliaSonera Norge AS og Broadnet AS om administrative og organisatoriske beredskapstiltak, drift og vedlikehald av transportabelt utstyr som styresmaktene har finansiert, investeringar i ekominfrastruktur og kjøp av nytt beredskapsutstyr. Med Telenor Norge AS vart det inngått ytterlegare avtale om investering, drift og vedlikehald av sikra anlegg.

Tilskot til drift og vedlikehald av transportabelt beredskapsutstyr dekkjer ein del av lagerleige, straum og personalkostnader. Tilskotet er tufta på kor mange einingar med beredskapsutstyr som tidligare er kjøpte inn og kompensert av styresmaktene, og tidsperioden der beredskapsutstyret har vore disponert.

Tilskot til ekominfrastruktur og innkjøp av beredskapsutstyr dekkjer investeringar som PT meiner er naudsynne for den nasjonale beredskapen og tryggleiken i ekomsektoren, men som ein ikkje kan påleggje tilbydarane å kjøpe inn for eiga rekning. I 2012 vart det inngått avtalar med dei tre nemnde tilbydarane. Tiltaka i avtalane er i samsvar med det som PT føreslo i sin rapport etter ekstremvêret «Dagmar». Tryggleik for mobiltelefoni og Internett er prioritert.

Konkret vart det inngått avtalar om innkjøp av åtte faste reservestraumanlegg for transmisjonsknutepunkt, fortrinnsvis på vêrutsette plassar på Nord-Vestlandet, og om innkjøp av til saman 58 små mobile reservestraumagggregat. Det vart inngått avtale med ein tilbydar om opprusting av 3 mobile einingar utstyrt med reservedelar tilpassa ny teknisk infrastruktur i deira mobilnett. I tillegg vart det inngått avtalar om anskaffing av reservedelar for radiolinjeutstyr og anskaffing av 4 x 2.500 m med beredskapsfiberkablar for plassering på strategiske lager i Noreg.

To tilbydarar har eit pågåande investeringsprogram for montering av utvendige tilkoplingspunkt for reservestraum til basestasjonar og noderom.

Tiltaka vart fyrst avtalt seinhausten 2012 då PT hadde fått høyringssvar på dei tilrådde tiltaka i rapporten etter ekstremvêret «Dagmar». Nokkre av tiltaka lét seg ikkje gjennomføre i 2012

grunna forseinka levering av utstyr frå leverandørane. PT har godteke utsett levering av noko av utstyret til 2013.

Øvingar

PT har sidan 2008 samarbeidd med Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) om gjennomføring av regionale øvingar. I tillegg til ekom og kraft deltek også mellom andre vegmyndigheter, fylkesmenn og kommunar. Overordna mål er å øve beredskap, evne til krisehandtering, rolleforståing og samarbeid i samband med storm, uvêr og skred som kan skade kritisk infrastruktur.

I 2012 vart det gjennomført to regionale øvingar: Øving Sogn og Fjordane og Øving Trøndelag. Under øvingane har det vorte etablert eit godt beredskapssamarbeid mellom tilbydarane. Dei har gjensidig nytte av å dele informasjon og samarbeide om ressursar i krise- og beredskapssituasjonar. Desse effektane ser ein også mellom kraft- og ekomsektoren.

Samhandling med regionale og lokale beredskapsstyresmakter er meir utfordrande. Den sentrale arenaen for samhandling mellom ulike sektorar i ein krisesituasjon av regionalt omfang er fylkesberedskapsrådet hjå Fylkesmannen. Rådet er sett saman av sentrale offentlege beredskapsaktørar og andre relevante organisasjonar, og vil i krisesituasjonar vere det sentrale organet for støtte og samarbeid for Fylkesmannen.

På bakgrunn av røynslene frå reelle hendingar og serien med regionale øvingar sende PT hausten 2012 eit notat til Samferdselsdepartementet som føreslår oppretting av eit ekomberedskapsråd. Føremålet er å effektivisere samhandlinga internt mellom ekomtilbydarane, mellom ekomtilbydarane og ekomyndighetene, og å stø opp om fylkesberedskapsråda for slik å betre samhandlinga med regionale beredskapsaktørar i krisesituasjonar. PT vil arbeide vidare med dette i 2013.

I desember 2012 deltok PT også i den tversektorielle øvinga Orkan12, som vart gjennomført

i regi av DSB. Integrert i denne øvinga, valde PT å øve PTs interne kriseorganisasjon, og å øve ekomtilbydarane. Scenarioet var ekstremvêr som ramma kysten frå Rogaland til Telemark med påfølgjande skade på kritisk infrastruktur. Bortfall av ekom gjorde i utgangspunktet samhandling med eksterne partar som departementet, fylkesmennene, NVE, DSB og ekomtilbydarane vanskeleg. I tillegg erfarte PT nok ein gong at grenseflata mellom regionale beredskapsaktørar, PT og ekomtilbydarane ikkje er optimal. Denne problemstillinga blir adressert i det nemnde arbeidet med opprettinga av

eit ekomberedskapsråd. Ei anna røynsle var at kvaliteten på rapportering mellom PT og andre aktørar må betrast. Arbeidet med FEKOMS, og med utvida bruk av krisestøtteverktøyet CIM vil inngå i dette forbetringssarbeidet.



Frå operasjonsrommet hos PT under kriseøvinga Orkan 12.

Vilkår og krav som gjeld administrative tilhøve

Dei tilsette

I PT var det 148 tilsette per 31. desember 2012. Av desse var 6 mellombels tilsette. Totalt i PT er det 35 % kvinner og 65 % menn. 5 av 15 leiarar er kvinner, det vil seie 33 % kvinnelege leiarar.

PT har 10 tilsette med innvandrarbakgrunn (7 %).

Hausten 2011 gjennomførte PT ei omorganisering som medførte at talet på avdelingar vart redusert frå 6 til 4 og talet på seksjonar vart endra frå 15 til 10. Omorganiseringa vart gjort gjeldande frå 1. januar 2012. Omorganiseringa vart gjort for å få ei meir effektiv drift, samstundes som det var eit mål å få færre personalleiarar i PT.

Prioritering av auka rekruttering av personar med nedsett funksjonsevne i arbeidet med inkluderande arbeidsliv

PT har lagt til grunn desse måla for IA-arbeidet i 2012:

- PT har som resultatmål at sjukefråveret skal vere lågare enn 5 %.
- PT skal leggje til rette for at personar med nedsett funksjonsevne skal kunne prøve seg i jobb i PT, og i tillegg ta vare på eigne tilsette på best mogleg måte.
- Yrkesaktivitet etter fylte 50 år skal forlengast med 6 månader.

Rapportering

Overordna måloppnåing i PT

Mål	2009	2010	2011	2012	Måloppnåing
Reduksjon i sjukefråveret* Mindre enn 5 %	Ikkje relevant	4,6 %	3,2 %	4,6 %	oppnådd
Auka sysselsetjing av personar med redusert funksjonsevne PT skal leggje til rette for at personar med redusert funksjonsevne skal kunne prøve seg i jobb i PT, og i tillegg ta vare på eigne tilsette på best mogleg måte		Det vart ikkje sysselsett nokon personar med redusert funksjons-evne	Det vart sysselsett éin person med redusert funksjons-evne	Det vart sysselsett to personar med redusert funksjons-evne	oppnådd

Sjukefråveret var i 2012 på 4,6 %. PT hadde to personar med nedsett funksjonsevne på arbeidstrening i 2012.

Mål	2009	2010	2011	2012	Måloppnåing
Yrkesaktivitet etter fylte 50 år blir forlenga med 6 månader Måltal ikkje fastsett	Gjennomsnittleg tenestetid** i PT for tilsette som har fylt 50 år eller meir var 136 månader.	Gjennomsnittleg tenestetid** i PT for tilsette som har fylt 50 år eller meir var 138 månader.	Gjennomsnittleg tenestetid** i PT for tilsette som har fylt 50 år eller meir var 141 månader.	Gjennomsnittleg tenestetid** i PT for tilsette som har fylt 50 år eller meir var 147 månader.	oppnådd

*Sjukefråveret på nasjonalt nivå skal ikkje overstige 5,6 %, jf. protokollen mellom partane av 24. februar 2010.

**Gjennomsnittleg tenestetid i PT er utrekna i heile månader. I 2009 er utrekninga gjort per. 1. oktober 2009, i 2010 er utrekninga gjort per 27. oktober 2010, i 2011 er utrekninga gjort per 12. desember 2011 og i 2012 er utrekninga gjort per 18. oktober 2012.

Tala blir påverka av alderssamansetninga i PT, nyrekruttering av personar som har fylt 50 år eller meir og avgang (tilsette som sluttar, går av med pensjon osv.) i same aldersgruppe.

Yrkesaktiviteten for PT-tilsette som har fylt 50 år eller er eldre, har auka med 6 månader frå 2011 til 2012. Samanlikna med 2009-nivået har yrkesaktiviteten for denne gruppa tilsette auka med 11 månader. For å leggje til rette for at seniorar står lenger i arbeid er det innført fire ekstra fridagar i tillegg til avtalefesta seniordagar.

Auka talet på lærlingar i staten

I 2011 hadde ikkje PT nokon lærlingar. PT har vurdert lærefaget IKT-servicefag som relevant for verksemda og tok inn ein lærling i dette faget hausten 2012.

Vidarebruk av offentlege data

PT har lenge hatt fokus på å gjere interne data tilgjengelege på heimesidene for etaten. Likevel har mesteparten av dette vore lagt ut på ikkje-maskinleseleg format (pdf). I 2012 har PT kartlagt og vurdert alle interne datasett med tanke på å gjere mest mogleg tilgjengeleg i maskinleseleg format. Resultatet av dette arbeidet er så langt at PT har gjort tilgjengeleg fem datasett på data.norge.no. Desse datasetta er:

- Samla norsk nummerplan for telefoni mm. (E.164)
- 4-sifra nummer for nummeropplysning
- Befolkinga sin bruk av elektroniske kommunikasjonstenester 2011
- Liste over gyldige registreringar av leverandør (produksjon/import/sal) og radioforhandlar (sal)
- Liste over gyldige ekomnettautorisasjonar

Ei oppdatert oversikt over kva som er gjort tilgjengeleg av rådata ligg på PT sine heimesider.

Arbeidet med å gjere rådata tilgjengeleg er ikkje ferdigstilt. Vi forventar at fleire datasett vil bli gjort tilgjengelege i 2013.

Økonomi

Kap. 1380 PT

Løyvinga til PT i saldert budsjett for 2012 utgjorde 208,8 mill. kr. I Prop. 111 S/Innst. 375 S (2011-2012) vart beløpet på post 01 redusert med 6,5 mill. kroner, medan beløpet på post 70 vart auka med 30 mill. kr. Saman med overføring frå 2011 og endring i løyving i samband med lønskompensasjon, er budsjettet for post 01 på 235,6 mill. kroner i 2012. Det er totalt rekneskapsført 192,6 mill. kroner på kapittel 1380. Rekneskapsbeløpet fordeler seg med 160,1 mill. kroner til driftsutgifter, 10,6 mill. kroner til større anskaffingar og vedlikehald og 21,9 mill. kroner til tilskot til teletryggleik og beredskap. Nedanfor følgjer kommentarar til rekneskapstala fordelt på dei ulike postane.

Post 01 Driftsutgifter

Løyving i samsvar med saldert budsjett for 2012	167 500 000
Overføring frå førre termin	0
Redusert løyving, jf. Prop. 111 S /Innst. 375 S (2011-2012)	-6 500 000
Endring i løyving, jf brev frå SD av 26.10.2012, Fordeling av lønskomp.	2 430 000
Sum løyving	163 430 000
Rekneskap	160 091 910
Mindreutgift	3 338 090
Motrekna kap. 4380, post 03	0
Motrekna kap. 4380, postane 15, 16 og 18	4 020 565
Mindreutgift motrekna meirinntekter og refusjonar	7 358 655

Av rekneskapsført beløp på 160,1 mill. kroner fordeler 98,6 mill. kroner seg på løn og arbeidsgjevaravgift (før refusjonar), 15,6 mill. kroner til reiseutgifter, 14,5 mill. kroner til drift/lokalleige av bygningar, 13,6 mill. kroner til konsulentar, 13,7 mill. kroner til kontortenester, og dei resterande 4,1 mill. kroner til andre driftskostnader.

Mindreutgifta korrigert for refusjonar utgjer 7,4 mill. kroner. Dette avviket blir forklart med lågare lønskostnader på 4,1 mill. kroner (pga. refusjonar frå NAV), lågare kostnader til konsulenttenester med 2,5 mill. kroner, og i tillegg lågare kurs- og konferansekostnader med 0,8 mill. kroner.

Det blir ikkje overført nokon midlar frå 2012 til 2013 på denne posten, og mindreforbruket blir balansert mot reguleringsfondet.

Post 45 Større utstyrssanskaffingar og vedlikehald

Løyving i samsvar med saldert budsjett for 2012	14 300 000
Overført frå førre termin	0
Sum løyving	14 300 000
Rekneskap	10 647 533
Mindreutgift	3 652 467
Søkt overført til 2013	454 000
Resterande mindreutgift	3 198 467

Av rekneskapsført beløp på 10,6 mill. kroner utgjer 6,1 mill. kroner kjøp av programvare og lisensar. Vidare gjeld 2,5 mill. kroner kjøp av verktøy og instrument, 1,1 mill. kroner anskaffingar til bygningar og 0,9 mill. kroner diverse investeringar.

Det rekneskapsførte beløpet er 3,7 mill. kroner lågare enn løyvinga. Årsaka til mindreforbruket er hovudsakleg forseinking i arbeidet med ny modell for LRIC-mobil. Vidare vart utgifter til vidareutvikling av nettstaden Nettfart og nyt driftssystem for PT sine nettportalar og IPv6 lågare enn forventa. PT søker om å overføre 0,5 mill. kr til 2013 på post 45.

Post 70 Tilskot til teletryggleik og -beredskap

Løyving i samsvar med saldert budsjett for 2012	27 000 000
Overført frå førre termin	940 000
Auka løyving, jf. Prop. 111 S /Innst. 375 S (2011-2012)	30 000 000
Sum løyving	57 940 000
Rekneskap	21 862 100
Mindreutgift	-36 077 900

Post 70 er ei tilskotsordning for tiltak innanfor teletryggleik og beredskap. Tilskota blir tildelte ekomtilbydarar for å kompensere for meirkostnadene som følgjer av avtalte tiltak mellom PT og kvar tilbydar. Dette følgjer av Ekomlova § 2-10, 4. ledd.

Det vart i 2012 løyvt 27 mill. kroner og det vart overført 0,9 mill. kroner frå 2011. I tillegg vart det løyvt 30 mill. kroner for å innføre ei ordning prioritet i mobilnettet (eingongsinvestering). Sistnemnde prosjektmidlar er ubrukte, då ny forskrift enno ikkje er fastsett.

I påvente av høyringssvar på PT sitt forslag til tiltak etter ekstremvêret «Dagmar», vart ikkje avtalar om investering i ekoinfrastruktur og anskaffing av beredskapsutstyr inngått før seinhausten 2012. Dette har medført at ein del av dei avtalte anskaffingane fyrst kan leverast i 2013. PT har etter søknad godkjent overføring av desse anskaffingsprosjekta til 2013. Utbetalt kompensasjonsbeløp i 2012 er redusert tilsvarende og er årsaka til mindreutgifta på 6,1 mill. kroner. Saman med den ubrukte eingongsløyvinga på 30 mill. kroner søker dermed PT om å overføre 36,1 mill. kroner til 2013.

Kap. 4380 PT

Løyving i samsvar med saldert budsjett for 2012	161 800 000
Redusert løyving, jf. Prop. 111 S /Innst. 375 S (2011-2012)	-6 500 000
Endring i løyving, jf brev frå SD av 26.10.2012, Fordeling av lønskomp.	2 430 000
Sum løyving	157 730 000
Rekneskap (inkl. adm. av 5-sifra nummerforvaltning og refusjonar)	152 420 045
Mindreinntekt	5 309 955


PT har i 2012 inntektsført 152,4 mill. kroner på dette kapitlet. Nedanfor følgjer kommentarar til inntektene fordelt på postar.

Post 01 Diverse gebyr

Post 01 Diverse avgifter og gebyr	
Løyving i samsvar med saldert budsjett for 2012	161 800 000
Redusert løyving, jf. Prop. 111 S /Innst. 375 S (2011-2012)	-6 500 000
Endring i løyving, jf brev frå SD av 26.10.2012, Fordeling av lønskomp.	2 430 000
Sum løyving	157 730 000
Rekneskap 2012 inkludert adm. av 5-sifra nummerforvaltning	148 399 480
Mendirinntekt	9 330 520

Posten omfattar innbetalte gebyr til PT og utgjer 148,4 mill. kroner. 3,6 mill. kroner av dette gjeld administrasjon av 5-sifra nummerforvaltning. På denne posten utgjer tap på krav 1,3 mill. kroner. PT har ei mindreinntekt på 9,3 mill. kroner i forhold til inntektskravet. Avviket kjem av at det er teke høgd for prognose for mindreforbruk på post 01 og 45, og på inntekter på post 16 og 18. Dette for å nå målet om ein reduksjon av reguleringsfondet på 10 mill. kroner.

Gebyra fordeler seg på denne måten:



Post 15 Refusjon av arbeidsmarknadstiltak

Løyving i samsvar med saldert budsjett for 2012	0
Rekneskap 2012	4 080
Meirinntekt	4 080

Meirinntekta gjeld refusjon av tiltaksmidlar rekneskapsførte i 2012.

Post 16 Refusjon foreldrepengar

Løyving i samsvar med saldert budsjett for 2012	0
Rekneskap 2012	2 271 541
Meirinntekt	2 271 541

Meirinntekta gjeld refusjon av foreldrepengar rekneskapsførte i 2012.

Post 18 Refusjon sjukepengar

Løyving i samsvar med saldert budsjett for 2012	0
Rekneskap 2012	1 744 944
Meirinntekt	1 744 944

Meirinntekta gjeld refusjon av sjukepengar rekneskapsførte i 2012.

Post 51 Reguleringsfondet

IB per 01.01.12	54 423 151
Overføring frå reguleringsfondet	-8 773 397
UB per 31.12.2012	45 649 754

I 1992 vart reguleringsfondet for PT oppretta. Fondet er eit hjelpemiddel for å kompensere for inntektsoverskot som følgje av mindreutgifter eller meirinntekter, og ved uføresett inntektssvikt, slik at kravet om full kostnadsdekning kan tilfredsstilla utan store gebyrendringar i det enkelte året.

Reguleringsfondet var ved inngangen til 2012 på 54,4 mill. kroner. I samsvar med St.prp. nr. 24 (2008-2009) er intensjonen at fondet gradvis skal nedtrappast. I følge Prop. 1 S (2011-2012) blir det for 2012 budsjettet med 10 mill. kroner i inntekter/overføring frå reguleringsfondet. Ved rekneskapsavslutning vart det overført 8,8 mill. kroner frå fondet, slik at saldoen per 31. desember 2012 er 45,7 mill. kroner.

Sum inntekter kap. 4380, postane 01-18	152 420 044,92
Sum utgifter kap. 1380, postane 01 og 45	170 739 442,23
Inntektsunderskot før overføringer	-18 319 397,31
Overført frå 2011 post 01	0,00
Overført frå 2011 post 45	0,00
Finansiering av radiostøykontrollen	10 000 000,00
Inntektsoverskot	-8 319 397,31
Søkt overført til 2013, kap. 1380, post 01	0,00
Søkt overført til 2013, kap. 1380, post 45	454 000,00
Frå reguleringsfondet	-8 773 397,31

Kap. 5583 post 70 5-sifra nummerserie – forvaltning

5-sifra nummerserie forvaltning, avgiftsdel	25 500 596
---	------------

PT administrerer ordninga med 5-sifra nummerforvaltning. Inntektsført beløp på 25,5 mill. kroner inneber ein auke på 1,8 mill. kroner frå 2011.

Dispositionar gjorde i medhald av fullmakter etter Bevilningsreglementet

I tildelingsbrevet for 2012 fekk PT fullmakt til å inngå avtale om kjøp av tenester utover 2012.

Desse avtalane er inngått fram i tid:

Avtalar inngått for 2013:

Agder Statsbygg AS	9 473 000,-
--------------------	-------------

Leigeavtale lokale Lillesand	
------------------------------	--

Andre driftsavtalar	1 355 000,-
---------------------	-------------

Totalt inngåtte avtalar for 2013	10 828 000,-
---	---------------------

Avtalar inngått for 2014:

Agder Statsbygg AS	9 473 000,-
--------------------	-------------

Leigeavtale lokale Lillesand	
------------------------------	--

Avtalar inngått for 2015:

Agder Statsbygg AS	9 473 000,-
--------------------	-------------

Leigeavtale lokale Lillesand	
------------------------------	--

Avtalar inngått for 2016:

Agder Statsbygg AS	9 473 000,-
--------------------	-------------

Leigeavtale lokale Lillesand	
------------------------------	--